



Til alle tilsette i Vinjebarnhagen og Vinjeskulen
Frå oppvekstansvarleg Vinje kommune

Statusrapport for prosessen med omorganisering av barnehagar og skular i Vinje

Som vel dei fleste har fått med seg, har Vinje kommune gjennomgått ei administrativ omstilling siste året. Dette handlar i stor grad om at me lever i ei tid med store og raske endringar, nye oppgåver, endra alderssamansetting i befolkninga. Me har auka digitaliseringsbehov, større krav til alle offentlege tenester og meir medverknad frå innbyggjarane. Nye, fleire og meir komplekse oppgåver. Dette krev meir av einingane i kommunen i høve samhandling og tverrfaglege løysingar. Desse tilhøva har ført til at rådmann og kommunestyret har gått inn for ei «ny organisering med innføring av eit strategisk koordinerande nivå, og har ikkje hatt fokus på flytting av oppgåver mellom driftseiningar/tenesteområde. Fullt ut «balanse» mellom tenesteområde i høve til budsjett og tal tilsette vil ein ikkje få til, og det er eit sentralt omsyn at leiarane framleis skal finne oppgåvene interessante og utfordrande og ønskje å halde fram i Vinje kommune... Einingsleiarane har, og skal framleis ha, eit fag-, økonomi- og personalansvar.»

Når eg no samstundes skriv til både barnehage- og skuletilsette, handlar det om at framtidig organisering skal samle alle barnehagane og skulane under **tenesteområde for Oppvekst**. Me er heldige som skal få vidareutvikle eit allereie tett og godt samarbeid på oppvekstområdet. Oppvekst har no fått i oppdrag å lage ein gjennomgang av administrative ressursar og sjå på ny oppgåvefordeling. Målet er å få til god samhandling, betre tenester og optimal ressursutnytting. Dette betyr ikkje innsparing eller effektivisering men **rigging** for nye utfordringar som ny barnevernslov eller den såkalla oppvekstreforma og dei endringane som tidlegare er skissert. Dette arbeidet skal vere ein prosess der alle leiarane og konsulentane på skulane, alle barnehageleiarane og hovudtillitstvalde frå Utdanningsforbundet og Fagforbundet saman med underteikna skal finne fram til vegen vidare for Vinje Oppvekst. Dette blir då ein brei prosess der alle tilsette vil få høve til å kome med innspel i fleire rundar. Ein heilskapleg plan for oppvekst og sentrale grunnverdiar for alt arbeid med barn blir også viktig å få på plass.

Første møtet med alle desse hadde me 22.10.21. Der hadde me fleire sesjonar med innspel om kva dei ulike einingane meiner er viktig og kva for forventingar som er der ute. I tillegg valde me eit prosessutval med representantar frå barnehage, skule, konsulentane og HV. Utvalet består av:

Heidi Rønningen, Rauland Barnehage
Aud Lillian Hustveit, Rauland skule
Gerd Heimdal, konsulent Åmot skule
Gøril R. Haave, Htv UdF
Anders Sandvik, Oppvekstansvarleg

Desse kjem til å møtast i mellomperiodane for å samle trådane og foredle innspela. Målet er at me skal få ferdig eit framlegg for ny organisering som kommunestyret skal ta stilling til i februar 2022. Oppstart vil då vere mogleg å gjennomføre frå og med nytt barnehage- og skuleår august 2022. Det vil kome slike oppdateringar som dette skrivet undervegs, og de vil få oppdateringar frå leiarane ute på einingane fortløpande.

Oppgåve til alle: Tenk på Vinje Oppvekst som eit køyretøy eller fartøy som du har lyst til å vere med på. Ulike variantar av bilete her kan vere eit tog der einingane er ulike vogner, eit skip med ulike dekk og mannskap, hest og kjerre, eit fly eller ein elbil med autopilot. Korleis skal me drifte og styre? Tenk tanken om biletet eller metaforen, og prøv han ut på ein kollega.

Anders Sandvik
Oppvekstansvarleg Vinje kommune
Assisterande rådmann